

**TILTAKSSTRATEGIAR
FOR
SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET
(SMIL)
PERIODEN 2014-2017
NORD-FRON KOMMUNE**



Hinøgelslia i Nord-Fron (Foto: Ingebjørg Ekre)

Tiltaksstrategiar for SMIL -ordninga i Nord-Fron 2014-2017

1. KORT OMTALE AV PROSESSEN BAK TILTAKSSTRATEGIANE

Jf. Delegeringsreglement for Nord-Fron kommune, vedteke 19.02.2013 (K-sak 06/13), er utforming av tiltaksstrategiane delegert til administrasjonen. Det er landbrukskontoret som har utforma tiltaksstrategiane i samarbeid med landbruksrådet i kommunen. Landbruksrådet består av leiarane i faglaga. Faglaga er Nord-Fron Bondelag, Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag, Kvikne Bondelag og Fron skogeigarlag. Tiltaksstrategiane for perioden 2014-2017 blir lagt fram som referatsak for Utval for landbruks,- utmarks- og miljø saker.

2. OMTALE AV KOMMUNEN SINE LOKALE UTFORDRINGAR, MÅL OG AKTUELLE TILTAK

2.1. Kulturlandskap

Utfordringar:

Kulturlandskap og beitebruk er i stadig endring og nye utfordringar oppstår i høve til å vedlikehalde dette. Nedanfor er det sett opp nokre punkt som ein i Nord-Fron ser som viktige. Punkta er ikkje sett opp i prioritert rekkjefølgje.

- Attgroing av marginale jordbruksområde og hamnlykkjer

I kommunen er det tydeleg at brattlendte beiteområde gror att og det same er tilfelle med dei mest marginale jordbruksareala. Dette omfattar fyrst og fremst areal som er dårleg arrondert og mindre areal. Utfordringane i høve til attgroing av jordbruksareal, særskilt innmarksbeiteareal ser ein også som eit utviklingstrekk i samband med at det blir færre føretak med beitedyr. I SMIL-samanheng er det aktuelt å bidra til tiltak som tek vare på gamal kulturmark, biologisk mangfald knytt til kulturmarka og eit ope eller særprega landskapsbilete. Det er sjølv sagt vesentleg for å kunne gje tilskot at areala blir haldne i hevd gjennom aktiv bruk.

Nord-Fron kommune har i all hovudsak grovfôrbasert husdyrproduksjon og minimalt med kraftfôrbaserte næringar. Dei dominerande dyreslaga er storfe og sau. Aukande grad av spesialisering har ført til at færre og færre bruk har fleire dyreslag. Tilgang på godt vårbeite er ein minimumsfaktor på mange sauebruk. Gode innmarksbeiter er også ei mangelvare på mange bruk med storfe. Det er ei kjent sak at vekselbeiting med fleire dyreslag er gunstig m.a. i forhold til snyltarproblematikken, betre utnytting av beiteplantene, betre beitekvalitet m.m..

Dei aller fleste innmarksbeiter i Nord-Fron kan bare haustast i form av beiting. Areal nytta som vårbeite til sau blir ofte ikkje brukt den tida sauene går på utmarksbeite.

Dermed blir graset for gammalt til sauene kjem ned frå fjellet. Mykje blir trakka ned noko som resulterer i "dauing" neste vår. Vekselbeiting mellom bruk med storfe og bruk med sau vil medføre mykje betre utnytting av tilgjengelege innmarksbeiter. Ei utfordring for å få til dette er gode nok gjerder til både storfe og sau. Frå kommunen har det vore teke initiativ til og ved fleire høve påpeikt behovet for å få til veksebeiting mellom storfe og sau. Sjølv om næringa absolutt ser nytteverdien av slike tiltak, har ein ikkje lykkast med initiativet. Som positive tiltak med omsyn til landskapspleie er det fleire føretak i kommunen som har kjøpt inn geit, dette for å nytte dyra til å opne opp att kulturlandskapet.

- Attgroing av utmark og seterområde

Nord-Fron er ein stor seterkommune. Det er mange seterområde og nokre av dei består av fleire setrar og andre er enkeltsetrar. I 2013 var det i underkant av 30 mjølkeprodusentar som setra. Det er 2 geitsetrar (1 felleseter) i kommunen. Sjølv om utviklinga syner ein nedgang i tal mjølkeprodusentar som setrar i Nord-Fron er kommunen likevel ei at dei i Oppland med mest setring.

Seterområda i kommunen har ulike driftsformer og uttrykk. På einskilde seterstular er det store jorde (nydyrkingar) med ein vesentleg grasproduksjon. Noko beiting går føre seg her, men mykje av fôret blir hausta og køyrd ned til bygda. Andre seterområde har meir preg av beite og mindre bearbeidde jorde. Felles er at mange av setrane har tradisjonelle seterhus og inngjerda kveer.

Seterområda utgjer viktige delar av kulturlandskapet og da eldre setermiljø særskilt. I kommunen finst seterområde som er i ferd med å gro att.

Aktive seterstular blir oppfatta som positive innslag i fjell-landskapet. For at seterstulane skal oppretthaldast, er det avgjerande at det er mjølk- eller kjøttproduksjonsbruk i bygda som aktivt nyttar setrane i sommarsesongen og opprettheld beitepresset i fjellet. Kulturlandskapet i bygda og på fjellet er dermed gjensidig avhengig av kvarandre for å kunne oppretthaldast. Dette er ein viktig samanheng, og framover vil det bli ei utfordring å halde oppe seterlandskapet.

Nord-Fron kommune har utarbeidd beitebruksplan for perioden frå 2005-2017. Beitebruksplanen vart vedteke av kommunestyret 15.12.2005 og gjev oversikt over fakta om beitebruken i Nord-Fron, utfordringar når det gjeld beitebruk m.m.. Det er nå lagt opp til revidering av beitebruksplanen.

- Utbyggingspress på verdifulle kulturlandskap

Kulturlandskapsverdiar må sikrast betre mot uheldige enkelttinggrep. Dette kan t.d. gjelde bygging av hytter i seterområde. Med bakgrunn i særlege natur – og seterområde (omsynssone C) står det m.a. følgjande i arealdelen av kommuneplanen 2011-2022 for Nord-Fron: *I områda Tjønnsetra, Hattdalssetra, Breistulen, Muvatnet, Strålvatnet, Flekkvatnet, Åkrevatna og Buøya i Kaldfjorden er*

det forbode å byggje på eller utvide eksisterande fritidsbustadar eller hytteeigedommar, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

Endring i § 12 (frå 01.07.2013, delingsparagrafen i jordlova) kan òg få konsekvensar for kulturlandskapet, dette med omsyn til busetting. I Nord-Fron kommune blir det nå lagt opp til ei prinsipp sak jf. lovendringa dvs. om busettingsomsynet skal omfatte heile kommunen eller berre i delar av kommunen. I samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen er det aktuelt å ta med vurderingar i høve til konsekvensar av endringa i jordlova.

Elles vil ein syne til rapporten "*Kulturlandskap i Nord-Fron, Prosjektrapport av mai 2000.*" Rapporten peikar på tre truslar mot kulturlandskapet: *Endring av driftsformer, fråflytting og nedbygging.*

Kulturlandskapsområde i Nord-Fron som er spesielt viktige:

1. Frydalen – verna som landskapsvernområde. Oppretta ved kgl. Resolusjon 24.10.2003. Som ein del av skjøtselsplanen for Frydalen landskapsvernområde (LVO) løyvde Rondane – Dovre Nasjonalparksstyre i 2013 tilskot til skjøtselstiltak (rydding og inngjerding) innanfor landskapsvernområdet. Rydding og inngjerding er eit samarbeidstiltak mellom nasjonalparkstyret/nasjonalparkforvaltar og Sødorp og Kvam Hesteavlslag, der kommunen har delteke/bistått i planleggingsarbeidet. Målsettinga er å etablere avlastningsbeite for Øya-setra (Verdi for biologisk mangfald: Svært viktig - A) for å sikre truga artar og opne opp att gammalt kulturlandskap.
2. Syltbakkane. I samband med nasjonal registrering av kulturlandskap (hovudgrunnlag biologisk mangfald) er beitebakkane ved Sylte i Kvikne vurdert som spesielt verdifulle.
3. Espedalen landskapsvernområde. Langsua nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat vart vedteke oppretta av Kongen i statsråd den 11.03.2011. Delar av Espedalen landskapsvernområde ligg i Nord-Fron kommune. Storhøliseter og Hølsetra ligg innanfor landskapsvernområdet og det skal utarbeidast skjøtselsnotat for både områda. Storhøliseter og Hølsetra er A-lokalitetar dvs. naturtypelokalitet i kulturlandskapet av nasjonal verdi.

Målsettingar:

- **Hindre attgroing av kulturlandskapet ved å halde i hevd jordbruksarealet.**
- **Stimulere til meir målretta bruk/skjøtsel av produksjons- og landskapsmessige viktige beiteområde (både i innmark og utmark).**

Aktuelle tiltak:

- **Stimulere til vekselbruk av innmarksbeite mellom bruk med ulike dyreslag.**

Vesentleg for dette satsingsområdet er gode nok gjerde for både storfe, sau, hest og geit.

Inngåing av 10-årige gjensidige avtaler om vekselbruk av innmarksbeite mellom bruk med ulike dyreslag, kan vere eit greitt utgangspunkt for å løyve tilskot til ny inngjerding.

- **Ulike tiltak for å oppretthalde/stimulere bruken av setrane i området.**

Areal i seterområde bør prioriterast i tråd med regionalt miljøprogram.

Målretta innsats i område der det er viktig å halde landskapet ope, kan t.d. vere i samband med seterstular. Sjølv om det har vore sett opp ein del sperregjerde dei siste åra, ser ein framleis behov for oppføring av ytterlegare gjerde.

- **Skjøtselstiltak (rydding og ev. inngjerding) av område både i innmark og utmark som kan gje gode beite for sau, storfe og geit.**

I utmark er dette skjøtselstiltak som kan vere aktuelle som ei vidareføring av gjennomført beitekartlegging i kommunen, dette for å oppnå gode beite på meir avgrensa område.

- **Informasjon**

Årleg blir det sendt ut informasjonsskriv frå landbrukskontoret til alle gardbrukarane. Informasjonsskrivet orienterer m.a. om ordninga om SMIL-middel. I tillegg blir det lagt ut informasjon på heimesida til Nord-Fron kommune, annonsert i GD og på nettstaden www.midtdalsbonden.no

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til rydding/skjøtsel for å synleggjera kulturlandskapet.
- Tilskot til restaurering og istandsetting av setermiljø.

2. 2. Biologisk mangfald

Utfordringar:

Nord-Fron kommune, saman med Sør-Fron, Øyer og Gausdal, starta opp eit prosjekt med kartlegging av biologisk mangfald sommaren 2003 i regi av *Naturtjenester AS*. Rapport for Nord-Fron vart ferdigstilt i februar 2005, med tittel "*Naturtyper, ferskvannslokalteter og truede sopp, planter og virvelløse dyr i Nord-Fron*".

Rapporten består av tre delar: A. Naturtypar, B. Ferskvasslokalitetar og C. Trua sopp, planter og virvellause dyr. Det er registrert 72 prioriterte naturtypelokalitetar i Nord-Fron, jf. definisjon i DN-håndbok 13-1999.

Det var behov for ei nærare avgrensing av innmark med registret biologisk mangfald for 13 av dei registrerte naturtypelokalitetane. Dette vart gjort sommaren 2006, og rapporten "*Naturtyper i Nord-Fron. Kulturlandskap som er viktig for biologisk mangfold. Beskrivelser og arealavgrensing*", vart ferdigstilt i november 2006.

I etterkant av biologisk mangfald registreringane har Nord-Fron kommune sendt ut eit informasjonshefte til alle innbyggjarane i kommunen. Tittel på heftet er "Naturen i Nord-Fron".

I 2009 og 2010 vart det gjennomført nykartlegging av naturtypar i Nord-Fron og fire andre kommunar. Dette omfatta ajourføring av eksisterande data, samt supplering og nykartlegging. Miljøfaglig Utredning AS utførte oppdraget på vegne av Fylkesmannen i Oppland.

I samband med utgreiing av vern av Ormtjernkampen - Skaget, har Miljøfaglig Utredning AS på oppdrag av Fylkesmannen i Oppland, utarbeidd ei konsekvensvurdering på tema "*Naturmiljø og biologisk mangfald*". Dette omfattar m.a. kulturlandskapslokalitetar knytt til seterområda.

Det er òg gjennomført beitekartlegging innan Kvam østside beitelag, Kvam i Nord-Fron. Målsettinga er å få til beitekartlegging for fleire beiteområde i kommunen. Beitekartlegginga vil vere viktig for kommunen generelt og beitebrukarane spesielt. Omfang av beitekartlegginga vil vere avhengig av graden av finansiering.

Nord-Fron kommune har med dei ulike kartleggingane som er utført, eit godt grunnlag i den kommunale arealforvaltninga for å arbeide med saker som gjeld biologisk mangfald.

Det er ei utfordring å sikre at det biologiske mangfaldet blir ivareteke. På same tid dukkar det opp artar som ein ikkje ønskjer i miljøet. I høve til planta kjempespringfrø har det vore gjennomført tiltak i form av plukking/destruksjon og utarbeidd eit hefte som er lagt ut som informasjon i gartneri og på landbrukskontoret.

Målsettingar:

- Ivareta og sikre det biologiske mangfaldet i kommunen.

Aktuelle tiltak:

- Sikre gode forhold for beiting med husdyr
- Stimulere til beiteavtaler der det er påvist raudlisteartar (t.d. beitesopp) som er avhengig av beitedyr (aktuelt på innmarksbeiteareal/hamnlykkjer)
- Informasjonstiltak, fagdagar/fagmøter

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til restaurering av artsrik kulturmark.
- Tilskot til etablering av biotopar i jordbrukslandskapet og breiare kantsoner mot vassdrag.
- Tilskot til bekjemping av uønskte artar (t.d. kjempespringfrø).

2. 3. Kulturmiljø/kulturminner

Utfordringar:

- Nyare tids kulturminne:

På gardane Hågå nordre, Megarden, Risdal nordre og Øyom er det bygningar som er freda i medhald av lov om kulturminne § 15. For tiltak ut over vanleg vedlikehald i samband med freda bygningar og anlegg, skal det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova hos kulturminnesstyresmaktene i Oppland fylkeskommune.

Alle tiltak ut over vanleg vedlikehald på bygningar frå før 1850, skal meldast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune.

- Automatisk freda kulturminne:

Alle kulturminne frå før 1537 og eldre er automatisk freda i medhald av kulturminnelova §§ 4, 6 og 8. Automatisk freda er også dei til ei kvar tid ståande byggverk med opphav frå perioden 1537-1649. Alle tiltak som kan røre ved slike kulturminne, skal leggjast fram for kulturminnesstyresmaktene i Oppland fylkeskommune.

- Restaurering av freda- og verneverdige hus

I Nord-Fron kommune er det mange gamle og verneverdige bygg. Det er viktig å ta vare på den gamle byggeskikken og sikre/ivareta bygningsmassen. Dette gjev store utfordringar til eigarane og omfattar ulike bygningar både på garden og på setra. SMIL-ordninga er heilt avgjerande for å få restaurert og vedlikehalde mange av dei gamle og verneverdige bygningane, og over år har mesteparten (om lag 2/3-delar) av SMIL-løyvingane gått med til dette føremålet. Utfordringa er spesielt store for dei gardbrukarane som har mange gamle og verneverdige bygningar.

Målsettingar:

- Sikre og ivareta freda og verneverdige bygningar.
- Ei større allmenn forståing for eldre bygningskultur som kulturhistorisk uttrykk, førebilete for god byggjeskikk og for tradisjonelle og nye bruksområde for gamle bygningar.

Aktuelle tiltak:

- Sikring gjennom bruk

Stimulere til meir aktiv utnytting av eldre bygningsmasse som tek vare på bygningen sin kvalitet.

- Gardstun og seterområde/seterstular som har fleire gamle og verneverdige bygningar, blir prioritert. Føresetnaden for dette er at gardsanlegget/gardstunet er som ein del av den ordinære landbruksdrifta.
- Informasjon

Omtale av SMIL-middel/ordninga blir sendt ut til alle gardbrukarane i samband med årleg informasjonsskriv frå landbrukskontoret. I tillegg blir det lagt ut informasjon på heimesida til Nord-Fron kommune, annonsert i GD og på nettstaden www.midtdalsbonden.no

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar.
- Tilskot til restaurering/istandsetting av setermiljø.
- Tilskot til mindre driftstiltak på setrar med mjølkeproduksjon.
- Tilskot til sikring, istandsetting og tilrettelegging av andre kulturminne som t.d. gamle «gråsteingjerde» og «gråsteinmurar».

Nord-Fron har eit kommunalt landbruksfond. Det har vore løyvd tilskot frå fondet til mindre driftstiltak på setrar med mjølkeproduksjon. Kommunen ser det som svært viktig å stimulere til at denne driftsforma blir oppretthalde og vidareført.

2. 4. Friluftsliv/tilkomst

Utfordringar:

På grunn av eit mindre tal beitedyr i utmarka er det ei utfordring å halde oppe gamle stiger/råk/ferdselsvegar som er/var nytta til jordbruksproduksjon. Einer og vier veks opp, slik at gamle råk som beitedyra tidlegare nytta, nå ikkje lenger er farbare sjølv for beitedyra.

Målsettingar:

- Det er eit mål å i størst mogleg grad kunne halde oppe og vedlikehalde gamle stiger/råk og ferdelsvegar knytt til jordbruksdrift.
- Sikre tilkomst og ferdelsmoglegheiter langs vatn og elver.

Aktuelle tiltak:

- Stimulere til rydding og vedlikehold av gamle stiger/råk og ferdselsvegar med tanke på jordbruksdrift.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til rydding og vedlikehold av gamle stiger/råk og ferdselsvegar knytt til jordbruksdrift.

2. 5/2. 6 Forureining (avrenning til vassdrag og kyst/utslepp til luft)

Målsettinga må vere å drive eit jordbruk som tek vare på produksjonsgrunnlaget og naturmiljøet med minst mogleg skadelege utslepp til vatn og luft. I høve til avrenning til vassdrag vurderer ein det som uheldig at både tilskot til fangvekstar (i kornproduksjon) og tilskot til utsett omlegging av eng er teke bort i frå det regionale miljøprogrammet for vårt område. I samband med arbeidet med klima- og energiplan for Nord-Fron kommune synte rapporten frå CIVITAS (15.09.2008) at jordbruket (prosessutslepp) står for om lag 40 % av klimagassutsleppet (CO₂, CH₄ og N₂O). Ein ser likevel ikkje relevante tiltak for å redusere klimagassutsleppa i dag. Kommunedelplan for energi og klima 2009-2013 vart vedteke av kommunestyret den 09.06.2009, sak 29/2009.

Noko av formålet med spesielle miljøtiltak i jordbruket er å redusere forureining frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Gjennom SMIL- ordninga kan det gjevast tilskot til gjennomføring av tiltak som bidreg til å hindre eller redusere forureininga eller risikoen for forureining frå jordbruket.

Informasjon omkring handtering av landbruksavfall og "oppryddingsaksjonar" av ulike slag vil alltid vere aktuelt. Nord-Fron kommune har tidlegare ikkje fått søknader innan dette feltet for SMIL.

I høve til landbruksplast/rundballeplast kan denne leverast gratis på miljøstasjonane (Rustmoen og Kvam). I tillegg kan slik plast leverast innan avgrensa tider i Tverrbygda. Landbruksrådet i kommunen påpeiker at ordninga fungerer bra og at det er viktig at ho blir vidareført. Det blir også gjennomført innsamlingsaksjonar med omsyn til metallskrap frå landbrukseigedomar i kommunen.

Det kan også vera aktuelt å setja inn ulike tiltak for å hindre avrenning frå seterfjøs og utedrift av husdyr (både storfe og sau). Dette er tiltak som vil få eit sterkare fokus.

I Nord-Fron kommune er det eit stort behov for drenering av jordbruksjord. Under jordbruksforhandlingane i 2012 vart det sett av middel til tilskot til drenering av jordbruksjord. Vilkåret var at jordbruksareal har vore drenert tidlegare og ordninga

vart innført i 2013. Tilskotsordninga blir vidareført i 2014. Endringar i nedbørsmengder (store mengder på kort tid) og driftsformer gjer at det er behov for å drenere jordbruksareal som ikkje tidlegare har vore drenert. I tillegg er det ofte behov for å drenere areal i samband med nydyrking.

Målsetting:

- Drive eit jordbruk som tek vare på produksjonsgrunnlaget og naturmiljøet med minst mogleg skadelege utslepp til vatn og luft.

Aktuelle tiltak:

Tiltak som kan gjennomførast i høve til forureining:

- Vegetasjonsbelte mot vassdrag
- Leplanting
- Fangdammar
- Førebyggje avrenning frå seterfjøs og utedrift med husdyr.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til utbetring og etablering av hydrotekniske anlegg.
- Tilskot til etablering av fangdammar.
- Tilskot til tiltak som førebyggjer avrenning frå seterfjøs.
- Tilskot til tiltak som førebyggjer avrenning frå utedrift med storfe og sau.

2.7. Plantevernmiddel

Utfordring:

Ut i frå det ein er kjent med har ein inntrykk av at det er nytta minst mogleg sprøytemiddel innan jordbruket i kommunen. Dette samsvarer med attendemeldingar både frå faglaga og Norsk Landbruksrådgiving, NLR. God jordarbeiding, her pløying er viktig for å redusere behovet for plantevernmiddel.

Målsetting:

- Drive eit jordbruk som tek vare på produksjonsgrunnlaget og naturmiljøet med bruk av minst mogleg plantevernmiddel.

Aktuelle tiltak:

- Støtte utprøving av alternative metodar for bekjemping av skadegjerarar.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- Støtte utprøving av alternative metodar for bekjemping av skadegjerarar.

3. FLEIRÅRIGE PRIORITERINGAR

Innanfor SMIL-ordninga er hovudområda kulturlandskap og kulturmiljø/kulturminne i Nord-Fron kommune.

Over fleire år har det vore *prioritert* å løyve tilskot til søknader som omfattar rydding av gamal kulturmark, anten attgrodde hamnlykkjer/ innmarksbeiteareal eller seterområde. Det blir vurdert som svært viktig å halde oppe og ivareta kulturlandskapet på ein best mogleg måte. I samband med at det har vore løyvd SMIL-middel til rydding av einer og kratt har det også vore løyvd middel anten til vedlikehald av gjerde eller oppføring av nytt gjerde.

Kulturmiljø/kulturminne omfattar t.d. restaurering av freda og verneverdige bygningar. Kommunen har kvart år mange relevante og gode søknader i høve til restaurering av verneverdige bygg. Sjølv om største delen av SMIL-potten blir løyvd til restaurering av verneverdige bygningar (stabbur, tømmerlåver, smier, seterfjøs, sel m.m.), må ein på grunn av mangel på middel likevel oppmode mange av søkjarane til å søkje på nytt. Vilkår for restaureringsarbeidet er at det skal gå føre seg etter antikvariske prinsipp og at den opphavlege, gamle byggjeskikken skal bli ivareteke. I kommunen er det fleire byggfaglege miljø med svært god kompetanse innan feltet. Frå kommunen si side er det ei målsetting å trekkje inn bygningsvernrådsgjevar v/ Gudbrandsdalsmusea inn i arbeidet med restaurering av verneverdige bygg, dette som fagleg bistand. Det blir synt stor interesse blant eigarane av slik bygningsmasse til å ivareta bygningane, men dette er kostnadskrevjande. Det er viktig å setja fokus på at det i kommunen er kulturlandskap som framstår som heilskaplege og unike, m.a. gjeld dette Gardvegen/Leinbakkane i Kvam.

Som tiltak innan bygningsvern er det aktuelt for kommunen å planleggje fagdagar innan bygningsvern/god byggjeskikk for betre å kunne ta vare på gamle kulturminne/ verneverdige bygningar.

Av andre tiltak kan ein nemne at Nord-Fron kommune, i samarbeid med andre kommunar, har løyvd SMIL-middel til eit våndprosjekt. Prosjektet har vore gjennomført i regi av Norsk Landbruksrådgivning (NLR). Våndproblematikken har vore størst i Kvam, og det kan bli aktuelt å setja i gang att tilsvarande tiltak ved eit seinare høve.

Det er òg planlagt ei vidareføring av beitekartlegging innanfor andre beiteområde i kommunen. Med utgangspunkt i gjennomføring av beitekartlegging i kommunen kan det arrangerast fagmøte, temadagar med utferd, utarbeidast informasjonsskriv m.m.,

dette også med tanke på åuke kunnskapen om ulike tiltak mot attgroing med fokus på beitekvalitet og kulturlandskap.

Det blir årleg informert om tilskotsordninga (SMIL) i ei informasjonsbrosjyre frå landbrukskontoret som blir sendt til alle jordbrukarar i kommunen. Dessutan blir informasjon om tilskotsordningane lagt ut på heimesida til kommunen og på nettstaden www.midtdalsbonden.no

4. UTFYLLANDE RETNINGSLINER FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) FOR NORD-FRON KOMMUNE

Søknadsbehandling og søknadsfrist:

For SMIL-søknader skal det nyttast godkjent skjema frå Statens landbruksforvaltning, SLF. Alt etter kva tiltak som blir omsøkt skal det hovudsakleg leggjast ved kart, bilete, kostnadsoverslag (frå snikkar/entreprenør), grunneigaravtaler, beiteavtaler m.m.. Søknadsfristen er 15.april.

I søknadsbehandlinga vil søknader som omfattar t.d. rydding av kulturlandskapet (hamnlykkjer/innmarksbeiteareal) bli behandla fyrst ev. også andre saker der det syner seg at det er viktig å koma i gang med tiltaket så raskt som mogleg.

Større tilskot kan delast på fleire utbetalingar når tilsvarende del av arbeidet er gjort:

- Tilskot under kr 20 000 kan ikkje delast.
- Tilskot mellom kr 20 000 og kr 50 000: Ei delutbetaling
- Tilskot over kr 50 000: Inntil to delutbetalingar

Siste 25% av tilskotet kan likevel ikkje betalast ut før arbeidet er ferdiggodkjent.

Sluttgodkjenning / sluttutbetaling kan skje fyrst når arbeidet er ferdig og sluttrapport, oversikt over eigeninnsats/timelister og rekneskap med dokumentasjon er lagt fram. Dersom kostnadene blir lågare enn medrekna, kan tilskotsbeløpet bli justert ned. Utbetalinga blir knytt opp mot kvart enkelt deltiltak.

Miljøfagleg og andre kriterium for vurdering av søknader:

Der det er relevant, blir omsøkte tiltak vurdert i høve til §§ 8-12 i Lov om naturmangfald, kulturminne (Askeladden) og Naturbase. Ved restaurering av verneverdige bygg blir søkjarane oppmoda til å kontakte bygningsrådgjevar/Gudbrandsdalsmusea. Restaurering av freda bygningar går føre seg i samarbeid med kulturminneforvaltninga i Oppland Fylkeskommune.

Satsar for tilskot - tilskot til ulike tiltaksgrupper:

Forskrifta opnar for å gje inntil 100% tilskot til planleggings- og tilretteleggingstiltak og til særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald. Elles kan det ytast eit eingongstilskot på inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag.

Generelt for alle SMIL-tiltak i Nord-Fron blir det løyvd eit tilskot på inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

Elles blir det synt til eige vedlegg/notat over priser nytta til kostnadsoverslag for nye søknader og sluttrekneskap for gjennomførte tiltak.

Arbeidsfrist:

Arbeidsfristen er i utgangspunktet på 3 år. Jf. SMIL-forskrifta kan kommunen løyve inntil 5 års arbeidsfrist for gjennomføring av tiltaket.

Krav til rekneskap/rapport:

Det skal leverast sluttrapport jf. gjennomført tiltak. Rapporten skal innehalde ein tekstleg del der det blir gjeve ei kort omtale av kva som er utført. Det skal leggjast ved bilete, kopi av faktura, oversikt over eigeninnsats/timelister, bruk av eige traktor m.m. ved rapporten.

Kommunen gjennomfører synfaring i samband med at tiltaket er slutført. Som hovudregel skal synfaringa gjennomførast før sluttutbetaling av tiltaket.

5. Bakgrunnsmateriale

- Arealdelen av kommuneplanen 2011- 2022 , Nord-Fron. Arealdelen vart vedteke av kommunestyre 21.06.2011, K-sak 46/11.
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, vedteke 04.02.2004.
- Forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, Rundskriv 7/2005.
- Utfyllande retningslinjer for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for Nord-Fron kommune, vedteke 12.05.2004.

Vedlegg

PRISER – SMIL 2014 FOR NORD-FRON KOMMUNE

SMIL- Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, fastsatt av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

✚ Maksimalprisar som kan godkjennast til eige utført arbeid (ikkje fakturerte utgifter):

- | | |
|---|------------------|
| ▪ Manuelt arbeid | kr. 300 pr. time |
| ▪ Traktor m/ev. utstyr inkl. førar | kr. 550 pr. time |
| ▪ Bruk av motorsag | kr. 350 pr. time |
| ▪ Ved gravearbeid med eige gravemaskin, 8-12 t. | kr. 700 pr. time |

✚ Priser til beiterydding v/ utarbeiding av søknader om SMIL:

- | | |
|--|-------------------|
| ▪ Noko attgrodd/middels ryddebehov | kr. 1.000 pr. daa |
| ▪ Attgrodd, stort ryddebehov | kr. 1.500 pr. daa |
| ▪ Sterkt attgrodd og/eller ulendt, særskilt arbeidskrevjande | kr. 1.800 pr. daa |

✚ Gjerding, kostnadsoverslag:

- | | |
|---|--------------|
| ▪ Nytt gjerde, utmarksgjerde m/impr. stolper og bøljetråd | kr. 80 pr. m |
| ▪ Vedlikehald av utmarksgjerde | kr. 40 pr. m |
| ▪ Grinder, le, gjerdekliv og liknande | kr. varierer |

Alle kostnadsoverslag skal vere utan meirverdavgift.

Det er kommunen som godkjenner kostnadsoverslaget som blir lagt til grunn for eit eventuelt tilskot.